



Nils Medaas
Vardane 81
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykker:
Vår: 17/37 - 17/3571

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
01.02.2017

Førerels svar - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 137/21 Alver

Kommunen stadfestar å ha motteke dykker søknad 04.01.17.

Det aktuelle arealet av eigedom gbnr. 137/21 som de ønskjer opprette som eigen grunneigedom er omfatta av kommunedelplan for Knarvik-Alversund(KDP). Arealet er avsett til naustføremål.

Tiltaket krev at det vert søkt om og gjeve dispensasjon frå plankravet i gjeldande KDP samt frå byggeforbodet langs sjø, plan- og bygningslova § 1-8. Det er i søknad om løyve haka av for at det vert søkt om dispensasjon, men vi kan ikkje sjå å ha motteke grunngjeven søknad om dispensasjon.

Det er i søknad dokumentert nabovarsling ved kvittering for nabovarsel, men det er ikkje levert ved gjenpart av nabovarsel, sjå vedlagt blankett.

Vi ber om at det gjer greie for kva som er nabovarsla, enten ved at de fyller ut vedlagt blankett, eller at det skildrar kva som er nabovarsla.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Gjenpart av nabovarsel, sjå vedlagt blankett.
2. Søknad om dispensasjon frå krav om å utarbeide reguleringsplan jf. KDP § 2.3
3. Søknad om dispensasjon frå byggeforbodet langs sjø jf. plan- og bygningslova § 1-8

Vi legg og ved rettleiar for søknad om dispensasjon, sist i denne ligg det eit framlegg til søknad om dispensasjon som de kan nytte.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 15.03.17. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.



Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Elin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

5155 gjenpart av nabovarsel

Informasjon til tiltakshavar og søker - dispensasjon

Mottakarar:

Nils Medaas

Vardane 81

5911

ALVERSUND